



Ordfører Synnøve Solbakken talar under Årsnes-opninga (Foto: Geir Remme)

Ordføreren har ikkje folket med seg på å ha vegsambandet i framtida over Halsnøy. Ikkje Uskedalen eller andre delar av indre Kvinnherad heller.

Det held formannskapsmedlem Torfinn Myklebust frå Innbyggjarpartiet og Uskedalen fram i ein artikkel som ein kan lesa her:



Framtida mot vest

Torfinn Myklebust utfodrar ordføreren igjen i vegsaka (Foto: Kristian Hus)

Vi trudde at vegutløysinga mot Kyststamvegen (Europaveg 39) ville vera viktig for Kvinnheradpolitikarane. Men Høgre og Kristeleg Folkeparti vil at vi framover skal ha

sambandet mellom Ranavik/Klosterneset og Stord/Skjersholmane. Dette må vi rekna med ordføraren også meiner, skal vi trusvaret/svarvegringa på formannskapsmøtet, der ho vart utfordra om Kyststamvegen og vegsambandet vestover.

Det siste svara ho ikkje på, dessverre, sjølv om vi eri eit valår! Ho har ikkje folket med seg på å ha vegsambandet i framtida over Halsnøy! Ikkje Uskedalen eller andre deler av indre Kvinnherad heller.

Dei andre partia er truleg meir framtidsretta og ønskjer at sambandet skal gå mellom Sunde-/Husnesområdet (kanskje Beltesnes) til Laukhamar på Tysnes og så knyttast til Kyststamvegen som vi vonar vil gå på austsida av Tysnes.

Dette er tankar både ein ordførar med litt samferdselsvyar og andre politikarar må ha for kommunen sin etter at Halsnøysambandet er ferdig med bompengenedbetalinga.

Det burde vore ordna med ei anna bompengebetaling slik at den folkerikaste delen av Kvinnherad med Sunde fekk ferjestaden over til Stord, men når det ikkje har skjedd til no, må vi ikkje gjera folket same fatale feilen med for år framover velja ferjestad på Halsnøy. Stordordførarkandidat Harry Herstad er tydelegvis framtidsretta!!

Kva ordføraren i Kvinnherad eigentleg meiner har ho fått sjanse til å seia noko om i formannskapet: Ho valde å tia!
Dårleg for ein ordførarar!

Det vi likevel trur, er at ho arbeider for å syna Kvinnherad kommune sitt syn når det gjeld Kyststamvegen på austsida av Tysnes. Men vona at ho i kommunebloggane sine og elles når ho snakkar om kva ho har gjort, kan fortelja kva ho gjer for Kyststamvegen på austsida av Tysnes!

Vi har tidlegare også oppmoda ordføraren om å samla leiingane i Stord, Tysnes og Kvinnherad for å snakka om Kyststamvegen og Kvinnherad si tilknytning til denne. Vil ho og rådmannen gjera det?

Ordførarar: Det bør ikkje vera tvil om kva fleirtalet av kommunens innbyggjarar meiner! Folk er framtidsretta! Du også?!

Torfinn Myklebust
Innbyggjarpartiet.